

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

Bibliotekreform 2014

SAKSGANG:		
Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskap	14.03.2007	048/07
Heradsstyret	28.03.2007	017/07

Sakshandsamar Ingeborg Fære	Arkiv: K1-066	Arkivsaknr 07/141
---------------------------------------	----------------------	-----------------------------

Vedlegg:

Sakstilfang:

Nr	T	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	Regjeringen.no	Høyringsbrev - Bibliotekreform 2014
2	I	*	Bibliotekreform 2014 Del i strategier og tiltak

Saksutgreiing:

Statens organ for arkiv, bibliotek og museum, ABM-utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga Bibliotekreform 2014 om sentrale problemstillingar på bibliotekområdet. Utgreiinga er utført av ABM-utvikling på vegne av Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet og omfattar alle offentlege bibliotek.

Målet for reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlane nettverk av sterke og kompetente bibliotek. Dei skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar. Biblioteka skal vere synlege og gi gode og etterspurte tilbod på nettet, i forskning og undervising og i lokalsamfunnet.

Hovudsatsingane i Bibliotekreform 2014 er samla innanfor tre målområde:

Målområde 1: Innhald og tenester

- Digitalt innhald og nettbaserte tenester
Målet er å skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgang til kunnskap og kultur. Det skal skapast nasjonale tenester som er fritt tilgjengeleg for alle, gjennom samarbeid mellom biblioteka og nasjonal koordinering og finansiering.
- Læringsarena og læringsressurs
Målet er å vidareutvikle biblioteka som kunnskapsbasar for formell og uformell læring. Biblioteka skal vere med på å styrke informasjonskompetansen hjå studentar, skuleelevar og befolkninga elles.

- Kultur- og litteraturformidling
Målet er at biblioteka skal fremje leselyst og lesedugleik gjennom aktiv litteraturformidling og at dei skal tilby eit breitt spekter av litteratur og andre kulturuttrykk. Arkiv-, bibliotek- og museumsinstitusjonane skal styrke lokal identitet og tilhøyring gjennom formidling av lokalhistorie.
- Inkludering, integrering og kulturelt mangfald
Målet er at biblioteka skal medverke til å styrke integrering av innvandrarakar i det norske samfunnet og formidle kunnskap om breidda av det kulturelle mangfaldet i Noreg og den ressursen dette utgjer.
- Bibliotektenestene i fengsla
Målet er at alle innsette skal ha tilgang til bibliotektenester.

Målområde 2: Struktur og organisering

- Reform av bibliotekstrukturen
Målet er å gi brukarane betre bibliotektenester gjennom sterkare bibliotek og kompetansmiljø, som kan utvikle fleire og betre tenester. Ein skal oppnå dette ved å konsolidere fleire bibliotek i eit geografisk område til eit nytt felles bibliotek og ved å sette i verk eit program for skulebibliotekutvikling.
- Det fysiske biblioteket
Målet er at biblioteka skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunn og utdanningsmiljø og at lokala skal vere tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar.
- Norgesbiblioteket
Målet er at folk skal møte ein einskapleg og samla biblioteksektor med klar oppgåvefordeling og gode distribusjonsordningar mellom biblioteka. Ressursane skal vere tilgjengelege for alle uavhengig av bustadkommune og tilknytning til utdanningsinstitusjon eller arbeidsplass. Folk skal ha gode kunnskapar om tilgjengelege bibliotektenester. Biblioteka skal utvikle gode evalueringsmetodar som grunnlag for utviklingsarbeid.
- Evaluering og kvalitetsheving
Målet er at biblioteksektoren skal ha eit godt dokumentasjonsgrunnlag til støtte for lokalt, nasjonalt og internasjonalt utviklingsarbeid.

Målområde 3: Kompetanse og forskning

- Kompetanseløft
Målet er at folk skal ha tilgang til bibliotek med brei og riktig fordelt kompetanse. Det skal etablerast eit kompetanseutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og dei konsoliderte biblioteka og det skal utviklast eit hospiteringsprogram for bibliotektilsette.
- Bibliotekforskning og kunnskapsdeling
Målet er at kunnskap og erfaringar i biblioteka skal formidlast og utnyttast effektivt lokalt, nasjonalt og globalt. Biblioteksektoren skal bygge på relevant forskning og

abm-områda skal inkluderast i alle relevante forskingsprogram.

Kultur- og kyrkjedepartementet har spesielt bedt om uttale til forslaga om norsk digitalt bibliotek, konsolidering innanfor folkebiblioteksektoren og endring av biblioteklova. Me har fokusert på desse forslaga i uttalen vår.

Vurdering:

1. Generelle kommentarar

Bibliotekreformen skildrar ein samla biblioteksektor og utfordringane ein står ovanfor på ein god og oversiktleg måte.

Reformen ser arbeidet med å synleggjere bibliotektilbodet der brukarane er som viktig; på det lokale biblioteket, på nettet og i forskning og undervisning. Det er positivt at ein set fokus på synleggjering av bibliotektenestene.

Bibliotekarbeidet femnar over eit vidt område og bibliotekreformen legg vekt på å ha variert og samansett kompetanse i biblioteka. Kompetansen har betydning for brukarane sin tilgang til dei ulike bibliotektenestene. Me meiner at det må vera ope for ulike organisatoriske modellar for å nå målet om sterke og kompetente bibliotek.

2. Kommentarar til forslaga:

Målområde 1: Innhald og tenester i Norgesbiblioteket

Strategi: Tilby ditigitalt innhald og nettbaserte tenester

Tiltak: Norsk digitalt bibliotek og Tilgang til sentrale kunnskapskjelder gjennom lisensar

Det er viktig for biblioteka å ha tilgang til sentrale digitale ressursar og kunne tilby nettbaserte tenester. Tilgang til digitale tenester krev samordning.

Felles standardar og brukarvenlege tenester for søke- og bestillingsmogelegheiter i folke- og fagbibliotek vil sikre brukarane tilgang til materiale og gjere søkeprosessen enklare og meir oversiktleg.

Biblioteka har ein sentral rolle i å gi brukarane tilgang til kunnskapsressursar. Framforhandling av nasjonale lisensar er eit viktig tiltak fram mot målet om å gjere ressursane tilgjengelege for alle. Nasjonale lisensar med tilgang til leksika, ordbøker og avisarkiv vil vere viktig for å sikre brei tilgang til desse kunnskapsbasane. Det må lagast fleksible ordningar slik at fjernstudentar på ein tenleg måte kan få tilgang til studiestaden sine ressursar.

Målområde 2: Struktur og organisering

Strategi: Styrkje og utvikle dei organistoriske einingane i Norgesbiblioteket

Tiltak: Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar

Målet med den organisatoriske bibliotekreformen er å gi innbyggjarane betre bibliotektenester og gi biblioteka større utviklingsmogelegheiter.

Måten reformen vil styrka biblioteka på, er ved å koordinera ressursane i større bibliotekeneingar med breiare kompetansemiljø. Reformen seier at den vil gi innbyggjarane som bur i mindre kommunar eit betre bibliotektilbod ved å gi dei tilgang til fleire bibliotekressursar og breiare bibliotekfagleg kompetanse.

Bibliotekreformen legg vekt på å etablere sterke og kompetente folkebibliotek for å ivareta tenestene og utviklingsarbeidet. Tiltaket går ut på at dei biblioteka som har færre enn 5 årsverk, skal konsoliderast med bibliotek i andre kommunar. Kommunar innanfor eit geografisk område skal då gå saman om å etablere eit felles konsolidert bibliotek, med minst ei avdeling i kvar av kommunane slik at det konsoliderte biblioteket har minimum 6 – 8 årsverk med variert bibliotekfagleg kompetanse.

I dag er det kun 67 bibliotek i landet som har meir enn fem årsverk. 244 bibliotek har eit eller færre årsverk. For Hordaland vil ei slik konsolidering bety at ein vil få fem-seks konsoliderte bibliotek i tillegg til biblioteket i Bergen.

Det er mange faktorar som er med på å avgjere kvaliteten på bibliotektenestene. Me meiner at ein i denne samanhengen bør sjå på fleire faktorar, og ikkje i så stor grad fokusere på antal tilsette som avgjerande. Me opplever at utgreinga set likskapsteikn mellom små bibliotek som dårlege bibliotek, noko som ikkje er tilfelle.

Samanslåing av folkebiblioteka til større einingar vil fjerne administreringa av biblioteket frå dei små lokalmiljøa og ein fryktar at det vil verte vanskelegare å ivareta den lokale identiteten til dei små biblioteka. Bibliotek i små kommunar har breidde i utval og tenester tilpassa lokalsamfunnet.

Reformen legg vekt på biblioteket som møteplass. For at biblioteket skal vere ein møteplass, er det ein føresetnad at det fysisk er lokalisert i lokalsamfunnet. Biblioteket fungerer som ein viktig møteplass både for unge og eldre. Born og eldre er lite mobile, når biblioteket skal vere tilgjengeleg for alle krevst det nærleik. Korte avstandar til biblioteket har mykje å bety - innbyggjarane må sikrast tilgang til eit fysisk bibliotek med kompetent personale i kommunen dei bur i.

Me tvilar på om konsolidering er den rette vegen å gå for å nå målet om sterke og gode bibliotek. Ein fryktar at ei konsolidering fører til nedbygging av biblioteka i dei små kommunane. Konsolidering vil føre til unødvendig mykje administrasjon som ikkje kjem brukarane til gode. Det er andre vegar å gå for å styrke biblioteka. Me meiner at biblioteka kan verte sterkare ved å samarbeide, dersom samarbeidet kjem i gang utifrå ønskje frå dei enkelte kommunane. Tette nettverk mellom biblioteka er nyttige for gjensidig fagleg utveksling. Me har tru på samarbeid mellom biblioteka om tekniske løysingar, transportordningar, litteraturformidling og anna fagleg koordinering for å gjere

bibliotektenestene best mogleg.

Fleire av kommunane i fylket har erfaring med ulike samarbeidsløysingar mellom biblioteka. Fylkesbiblioteket i Hordaland har tilrettelagt for auka samhandling mellom biblioteka gjennom samsøk og transportordning. Transportordninga mellom biblioteka dekkar både fag- og folkebiblioteka. Samlingane vert nytta på ein effektiv måte, og brukarane får tilgang til materialet dei treng der dei bur.

Strategi: Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Tiltak: Endre dagens biblioteklovgiving

Reformen legg opp til ei ny biblioteklov som sikrar ålmenta tilgang til dei samla ressursane som heile det nasjonale biblioteknettverket rår over.

Det er viktig å vidareutvikle det biblioteknettverket med forpliktande samarbeid mellom ulike bibliotektypar. Dette er med på å sikra at dei samla bibliotekressursane er tilgjengelege for alle innbyggjarane uavhengig av kvar ein bur.

Å lovfesta retten innbyggjarane har til å få tilgang til ressursane som biblioteknettverket rår over, vil sikra at brukarane vert handsama likt og får dei same rettane uansett kva bibliotek dei nyttar. Det bør vektleggjast å tilgjengeleggjere samlingane ved biblioteka uavhengig av medietype, slik at ein fullt ut kan yta saumlause bibliotektenester.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret sluttar seg til høyringsuttalen.

14.03.2007 Formannskap

FSK-048/07 SAMRØYSTES TILRÅDING:

Heradsstyret sluttar seg til høyringsuttalen.

28.03.2007 Heradsstyret

HST-017/07 SAMRØYSTES VEDTAK:

Heradsstyret sluttar seg til høyringsuttalen.

